

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato: 02.05.2005
 Sakbehandlar: Anne May S. Sønstabø
 Saka gjeld: ØKONOMIRAPPORT PR. 31. MARS 2005

Styresak 56/05

Styremøte 27. 05. 2005

Bakgrunn

Rapporten er utarbeidd med utgangspunkt i månadsrapporteringa frå helseføretaka.

I styresak 32/05 vedtok styret i Helse Vest å justere resultatet for 2005 for konsernet slik at det blir lagt opp til eit null-resultat på konsernnivå. Helseføretaka har no tatt inn justeringane i sine budsjett. Dei nye resultatkrava for dei enkelte HF'a går fram av tabellen under.

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apotekene	IKT	HV	TOTAL
Resultat - vedtak 2/2-05	0	-20	-130	-36	0	0	0	-186
Korreksjon avskrivning	11	27	34	19				91
Korrigert resultat	11	7	-96	-17	0	0	0	-95
Krav om ytterlegare resultatforbetring							95	95
Sum resultatkrav 2005	11	7	-96	-17	0	0	95	0

Resultatkravet refererer seg her til resultat ekskl. meiravskrivingar.

Kommentarar

1. RESULTAT FOR KONSERNET

Økonomirapportering pr. MARS 2005

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i heile tusen	AKKUMULERT MARS						
	Faktisk resultat A	Budsjett B	Avvik mot budsjett A-B	Meir avskrivningar C	Resultat korr. for meiravskr. D=A+C	Resultat i fjor E	Avvik mot i fjor D-E
Helse Stavanger HF	-47,2	-29,7	-17,4	21,3	-25,9	-50,1	24,2
Helse Fonna HF	-27,6	-19,0	-8,6	18,5	-9,1	-8,4	-0,7
Helse Bergen HF	-89,6	-89,9	0,3	49,7	-39,9	-93,9	54,0
Helse Førde HF	-28,7	-21,3	-7,4	12,3	-16,4	-18,8	2,4
Apoteka Vest HF	-2,4	-1,5	-0,9		-2,4	0,5	-2,9
Kjøp av helsetenester	13,7	16,3	-2,6		13,7	-4,7	18,4
Helse Vest RHF	-9,8	-16,9	7,1		-9,8	-8,4	-1,4
Sum føretaksgruppa	-191,6	-162,1	-29,5	101,8	-89,8	-183,8	94,0

Samla for heile konsernet er det eit negativt avvik på resultatet målt mot budsjett på kr 29,5 mill. Størst negativt avvik finn vi i Helse Stavanger. Her er avviket på kr 17,4 mill. Sett opp mot førre månad er likevel resultatavviket i Helse Stavanger redusert med kr 3,5 mill. Også Helse Fonna har eit negativt avvik. Avviket pr mars er på kr 8,6 mill. Dette er ei svak forbetring samanlikna med febuarrapporteringa. Helse Bergen har eit resultat som er tilnærma i balanse med budsjett medan Helse Førde har gått frå eit positivt avvik i februar på kr 0,5 mill til eit negativt avvik pr. mars på kr 7,4 mill. Apoteka Vest har eit negativt avvik på kr 0,9 mill. Dette er ei forverring på kr 0,5 mill i forhold til februar. På kjøp av helsetenester er det eit negativt avvik på 2,6 mill medan Helse Vest administrasjon har eit positivt avvik på kr 7,1 mill.

På bakgrunn av vedtak i styresak 42/05 som omhandla aktivitetsføresetnad i budsjett 2005 har administrasjonen bedt styreleiarane om å svare på kva tiltak som er sett i verk for å nå resultatkravet for 2005 og kva som blir gjort av ekstratiltak dersom det allereie no ser ut til at ein ikkje vil nå dei produksjonsmåla ein har sett seg. Det vil bli gjort greie for svaret frå styreleiarane i eit eige dokument.

Rapporteringa i Helse Vest IKT AS er enno ikkje heilt på plass i forhold til konsernrapporteringa. Helse Vest IKT rapporterte etter 1. kvartal rekneskapstal til styret for første gong. Rekneskapen pr. mars viser eit negativt resultat på kr 1,4 mill som er i tråd med budsjett for perioden. Periodiseringa av budsjettet er forenkla med 3/12 for alle kostnader med unntak av løn som er periodisert inn med 3/11 i 1. kvartal. Budsjettet er heller ikkje justert til 0, men innsparingane vil måtte komme i 2. halvår og har difor ikkje virka inn på budsjettet for 1. kvartal. Det er fleire rutinar som må på plass før selskapet har ein rekneskap som er så godt gjennomarbeida som ein ønskjer. Likevel meiner ein at med dei periodiseringane og avsettingane som er gjort pr. mars viser rekneskapen eit godt bilde av aktiviteten i selskapet.

PROGNOSE HEILE ÅRET

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i hele tusen	Året totalt				
	Prognose 2005	Budsjett 2005	Rekneskap 2004	Avvik budsjett	Avvik i fjor
Helse Stavanger HF	-73,8	-73,8	-192,4	0,0	118,7
Helse Fonna HF	-72,6	-66,4	-101,4	-6,2	28,7
Helse Bergen HF	-315,0	-315,0	-495,3	0,0	180,3
Helse Førde HF	-75,5	-66,1	-109,8	-9,5	34,2
Apotekene vest HF	-6,0	0	-2,3	-6,0	-3,7
Kjøp av helsetenester	160,1	160,1	101,6	0,0	58,5
Helse Vest RHF	-65,1	-65,1	-42,2	0,0	-22,9
Sum føretaksgruppa	-447,9	-426,3	-841,8	-21,7	393,8
Meiravskrivingar	427,0	427,0	364		63,0
Resultat justert for meiravskr.	-20,9	0,7	-477,8	-21,7	456,8

Prognosen for året viser no eit negativt avvik på kr 21,7 mill samanlikna med budsjett. Ved dei to første rapporteringane i 2005 har det vore lagt vekt på risiko rundt DRG-produksjonen. Dei to første månadene viste at helseføretaka låg betydeleg etter planane. Etter mars ligg føretaka framleis etter planen, men alle signaliserer at mars har vore ein betre månad enn dei to første og at det er mogleg at den negative trenden har snudd. Dersom vi samanliknar produksjonen med fjoråret er det likevel slik at kun Helse Stavanger

har ein vekst (1,8 %) i DRG-produksjonen. Helse Fonna har ein produksjonsnedgang på 1,5 %, Helse Bergen 1,2 % og Helse Førde 1,3 %. Det er all grunn til framleis å ha full fokus på dette, og vurdere om det må gjerast tilpassingar på kostnadssida dersom inntektene sviktar.

Etter tre månaders drift legg Helse Fonna og Helse Førde til grunn prognosar som avvik negativt i høve til resultatmålet som er sett med hhv. kr 6,2 mill og kr 9,5 mill. Apoteka Vest legg og til grunn ein prognose for heile året med eit underskot på kr 6 mill. I Helse Bergen sin prognose er det føresett innsparingar på kr 37 mill på ulike tiltak som enno ikkje er identifisert og fordelt ut i verksemda. Helse Stavanger legg til grunn at dei klarer å nå produksjonsmålet for året og at budsjettet òg vil halde på kostnadssida.

2 VERKSEMDENE

2.1 Helse Stavanger HF

Samandragsrapport pr.: MARS 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	63 302	8,8 %	66 926	9,2 %	63 556	9,6 %	233 556	233 556	0
ISF	248 229	34,6 %	257 848	35,4 %	157 069	23,8 %	997 470	997 470	0
Rammetilskot	385 380	53,8 %	382 512	52,5 %	420 162	63,6 %	1 556 978	1 556 978	0
Andre inntekter	19 698	2,7 %	20 709	2,8 %	19 653	3,0 %	82 260	82 260	0
Sum driftsinntekter	716 609	100,0 %	727 995	100,0 %	660 440	100,0 %	2 870 264	2 870 264	0
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	83 851	11,7 %	82 839	11,4 %	91 891	13,9 %	336 369	336 369	0
Løns- og personalkostnader	536 513	74,9 %	531 212	73,0 %	513 178	77,7 %	2 037 474	2 037 474	0
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	121 187	16,9 %	121 518	16,7 %	105 217	15,9 %	481 596	481 596	0
Sum driftsutgifter	741 551	103,5 %	735 569	101,0 %	710 286	107,5 %	2 855 439	2 855 439	0
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-24 942	-3,5 %	-7 574	-1,0 %	-49 846	0	14 825	14 825	0
Netto finans	-961		-900		-229		-3 600	-3 600	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-25 903		-8 474		-50 075	0	11 225	11 225	0
- Meiravskrivning	21 250		21 250		21 250		85 000	85 000	0
Resultat	-47 153	0	-29 724	0	-71 325	0	-73 775	-73 775	0

Pr. mars måned har Helse Stavanger eit negativt resultatavvik på kr 17,4 mill sett opp mot budsjett. Dette er ei lita forbetring i høve til februar måned. Om det er eit teikn på at den negative trenden frå dei to føregåande månadene har snudd er det likevel endå for tidleg å seie noko om.

På inntektssida er det eit negativt avvik på kr 11,4 mill dvs. 1,6 %. Det er framleis eit negativt avvik på ISF-inntektene, men det negative avviket er redusert frå kr 11,2 mill pr. februar til kr 9,6 mill pr. utgangen av mars (3,7 %). Det er særleg aktivitetsnivået på Kvinne – Barnklinikk og Klinikk for spesialmedisin som viser ein stigande tendens, og som er hovudgrunnen til at den negative trenden no har snudd. Helse Stavanger har hatt ein gjennomgang med Analysesenteret Louvisenberg. Ein har ikkje gjennom denne gjennomgangen kunna avdekka at kodepraksis er endra. Årsaka til nedgang i indeks kan vera at pasientane er "lettare". Dei polikliniske inntektene ligg 3,6 mill under budsjett (5,4 %). Avviket førre måned var på 3,4 mill. Det aller meste av avviket ligg på psykiatrisk avdeling, men det har òg vore avvik på klinikk for spesialmedisin pga. lågare antal kataraktoperasjonar.

På kostnadssida er det eit negativt avvik på kr 6 mill dvs. 0,8 %. Det største avviket i kroner ligg på løn- og personalkostnader. Her er avviket på kr 5,3 mill, dvs. 1 %. Avviket er samansett. Mellom anna viser sjukelønsrefusjon eit positivt avvik på kr 6,5 mill medan det er eit negativt avvik for kostnader knytt til overtid og innleie av personell på kr 12,9 mill. Størst avvik er det på Kvinne-Barnklinikken og

Akuttklinikken. Noko av årsaka er uvanleg store vakansar på legesida som følgje av mange svangerskapspermisjonar, dessutan har det vore ein auke i overtid pga. sjukefråvær samanlikna med i fjor.

Trass i at rekneskapen viser eit negativt avvik pr. mars er det likevel ei betring i budsjettavviket samanlikna med tala pr. februar og det er identifisert fleire periodiseringsmessige forhold som forklarar delar av avviket. Dette er forhold som vil retta seg opp undervegs i året. Prognosen for heile året føreset at klinikkane styrer mot budsjett og at dei greier å halde aktiviteten på det budsjetterte nivået utan å overskrida kostnadsbudsjetta. På bakgrunn av at det enno er tidleg i året og at resultatet i mars isolert sett var betre enn budsjettert, føreset Helse Stavanger at budsjettet vil halda i 2005.

%-vis endring frå 2004 til 2005

MAR 2005

REKNESKAPSDATA

	Akkumulerte tal pr. mars		%vis endring fra 2004 til 2005
	2005	2004	
	Rekneskap	Rekneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	63 302	63 556	-0,4 %
ISF	248 229	157 069	58,0 %
Rammetilskot	385 380	420 162	-8,3 %
Andre inntekter	19 698	19 653	0,2 %
Sum driftsinntekter	716 609	660 440	8,5 %
Varekostnader	83 851	91 891	-8,7 %
Løns- og personalkostnader	536 513	513 178	4,5 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	121 187	105 217	15,2 %
Sum driftsutgifter	741 551	710 286	4,4 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	-24 942	-49 846	-50,0 %
Netto finans	-961	-229	319,7 %
Ekstraordinære postar	0	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	-25 903	-50 075	-48,3 %
- korreksjon avskrivningar	21 250	21 250	
Resultat	-47 153	-71 325	-33,9 %

Resultatet i Helse Stavanger er forbetra med kr 24,2 mill sett i høve til same tid i fjor. Inntektene har auka med 8,5 % medan kostnadene har auka med 4,4 %. Auken i inntekter heng mellom anna saman med omlegginga i finansieringa av sjuketransport. Dette gir samtidig ein auke i andre driftskostnader. I tillegg var Helse Stavanger det helseføretaket som fekk størst auke i inntektene frå Helse Vest frå 2004 til 2005. Det er òg verd å merke seg at dei midlane som vart tildelt i revidert i 2004 slår inn frå hausten av.

Endringa på varekostnader er i stor grad knytt opp mot reduksjon i medikamentbruk. Ein del av auken i andre driftskostnader heng saman med omlegginga av sjuketransport.

	Hittil i år				Heile året		
	Rekneskap -05	Plan -05	Avvik	2004	Prognose	Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	10 783	11 042	-259	47 091	43 315	43 315	0
Dagkirurgi/dagbeh.	6 574	7 553	-979	6 768	28 906	28 906	0
DRG-poeng	13 642	14 183	-540	13 397	54 822	54 822	0
Pol. konsultasjonar	47 627	47 627	0	47 091	180 000	180 000	0
Psykiatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	24 493	26 648	-2 155	26 601	106 590	106 590	0
Opphaldsdagar, dagpasientar	3 680	5 083	-1 403	5 727	20 332	20 332	0
Pol. konsultasjonar	17 530	14 886	2 644	15 115	59 545	59 545	0

Dei akkumulerte produksjonstala pr. februar viste at Helse Stavanger låg bak planlagt produksjon. Sett opp mot planen ligg Helse Stavanger framleis 540 DRG poeng etter, men produksjonen isolert for mars kan tyde på at trenden no har snudd. Ut frå eit positivt avvik på 144 DRG poeng isolert for mars månad meiner Helse Stavanger at dei kan nå det ambisiøse produksjonsmålet som er sett for 2005.

Innan psykiatri ligg Helse Stavanger an til å greie å overføra ein endå større del av pasientbehandlinga frå sengepost til poliklinikk enn det som er føresett i plantala for 2005. Dei endra polikliniske takstane i psykiatrien gjer likevel at Helse Stavanger ser det som krevjande å oppnå polikliniske inntekter i samsvar med budsjettet innan psykiatrien.

2.2 Helse Fonna HF

Samandragsrapport pr.: MARS 2005

REKNESKAPSDATA	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	27 599	6,9 %	29 935	7,3 %	29 038	7,4 %	112 133	112 133	0
ISF	129 996	32,3 %	136 318	33,1 %	85 448	21,8 %	517 379	523 598	-6 219
Rammetilskot	232 904	57,8 %	232 932	56,6 %	263 610	67,2 %	935 018	935 018	0
Andre inntekter	12 301	3,1 %	12 081	2,9 %	14 278	3,6 %	49 400	49 400	0
Sum driftsinntekter	402 800	100,0 %	411 266	100,0 %	392 374	100,0 %	1 613 930	1 620 149	-6 219
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	40 625	10,1 %	39 938	9,7 %	38 840	9,9 %	157 594	157 594	0
Løns- og personalkostnader	303 156	75,3 %	300 634	73,1 %	293 968	74,9 %	1 152 943	1 152 943	0
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	67 956	16,9 %	71 086	17,3 %	68 414	17,4 %	301 008	301 008	0
Sum driftsutgifter	411 737	102,2 %	411 658	100,1 %	401 222	102,3 %	1 611 545	1 611 545	0
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-8 937	-2,2 %	-392	-0,1 %	-8 848	-2,3 %	2 385	8 604	-6 219
Netto finans	-141		-100		447		-1 000	-1 000	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-9 078		-492		-8 401	0	1 385	7 604	-6 219
- Meiravskrivning	18 500		18 500		18 500		74 000	74 000	0
Resultat	-27 578	0	-18 992	0	-26 901	0	-72 615	-66 396	-6 219

Resultatet pr. mars månad er kr 8,6 dårlegare enn budsjettet. Dette er likevel ei lita betring samanlikna med februar månad då avviket var på kr 9,7 mill. Framleis er det svikten i ISF inntektene og dei polikliniske inntektene som er hovudårsaka til at ein ligg etter målsettinga. Avviket på inntektssida er på kr 8,5 mill, dvs. 2,1 %. ISF-inntektene har åleine eit avvik på kr 6,3 mill. Det er kirurgisk avdeling (særleg Stord og Odda) som ikkje innfrir planane. Årsaka er både mangel på faglege ressursar og ein lågare pasienttilgong enn planlagt. Avviket på dei polikliniske inntektene er på - kr 2,3 mill og er fordelt på alle klinikkar. Avviket er foreløpig ikkje vurdert som dramatisk, men leiinga har presisert at aktiviteten må aukast.

Pr. mars er det ikkje negativt avvik på dei totale driftskostnadene, men ulike kostnadsartar har både negative og positive avvik. Varekostnadene har eit negativt avvik på kr 0,7 mill. Dette blir av leiinga i Helse Fonna ikkje vurdert som dramatisk, men er likevel noko faretruande sidan ISF produksjonen ligg

såpass mykje etter i høve til planen. Noko av forklaringa kan vera at varekostnaden er budsjettert stramt under føresetnad av at fleire avtalar skulle reforhandlast og gi effekt. Dette har så langt ikkje gitt resultat.

Andre driftskostnader har eit positivt avvik på kr 3,1 mill. Årsaka til avviket er feil i periodiseringa. Kostnadene er berekna å kome lenger ut i året slik at avviket vil bli eliminert utover i 2. halvår.

%-vis endring frå 2004 til 2005

MAR 2005

REKNESKAPSDATA	Akkumulerte tal pr. mars		% -vis endring fra 2004 til 2005
	2005	2004	
	Rekneskap	Rekneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	27 599	29 038	-5,0 %
ISF	129 996	85 448	52,1 %
Rammetilskot	232 904	263 610	-11,6 %
Andre inntekter	12 301	14 278	-13,8 %
Sum driftsinntekter	402 800	392 374	2,7 %
Varekostnader	40 625	38 840	4,6 %
Løns- og personalkostnader	303 156	293 968	3,1 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	67 956	68 414	-0,7 %
Sum driftsutgifter	411 737	401 222	2,6 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	-8 937	-8 848	1,0 %
Netto finans	-141	447	-131,5 %
Ekstraordinære postar	0	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	-9 078	-8 401	8,1 %
- korreksjon avskrivningar	18 500	18 500	
Resultat	-27 578	-26 901	2,5 %

Helse Fonna har ei forbetring i resultatet samanlikna med same tid i fjor på kr 0,7 mill. Inntektene har auka med 2,7 % medan kostnadene har auka med 2,6 %. Veksten på inntektene kan relaterast til omlegginga av sjuke transport. Varekostnader har auka med 4,6 % noko som primært skuldast utgifter til insulinpumper som ikkje var inne frå starten av fjoråret. Ein del av avviket skuldast òg rein forbruksauke.

PRODUKSJONSDATA

	Hittil i år			Året totalt		
	Regnskap	Plan	Avvik	Prognose	Plan	Avvik
Somatikk						
Sykehusopphold	6 314	6 545	-231	25 200	25 404	-204
Dagkirurgi/dagbeh.	3 269	3 298	-29	12 534	12 534	0
DRG-poeng	7 141	7 492	-351	28 427	28 777	-350
Pol. konsultasjonar	22 090	23 656	-1 566	91 450	91 450	0
Psykatri						
Antall oppholdsdøgn	16 866	19 671	-2 805	69 813	76 868	-7 055
Oppholdsdager, dagpasienter	1 963	2 532	-569	8 500	9 400	-900
Pol. konsultasjonar	9 418	8 914	504	34 700	34 700	0

Som avviket viser har Helse Fonna svikt i ISF inntektene. For somatikk heng dette saman med talet på sjukehusopphald, DRG-poeng og polikliniske konsultasjonar. Avviket er betydeleg redusert sett i høve til

februar måned, men framleis har Helse Fonna behandla færre pasientar i år enn på same tidspunkt i fjor. Innan psykiatri heng svikten i produksjonen saman med mangel på behandlarar.

2.3 Helse Bergen HF

Samandragrapport pr.:

MARS 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	104 634	8,5 %	105 830	8,6 %	106 555	9,2 %	424 041	424 041	0
ISF	377 889	30,8 %	389 989	31,7 %	238 558	20,6 %	1 534 503	1 534 503	0
Rammetilskot	691 510	56,4 %	685 555	55,7 %	755 062	65,3 %	2 743 163	2 743 163	0
Andre inntekter	53 034	4,3 %	49 869	4,1 %	56 256	4,9 %	197 853	197 853	0
Sum driftsinntekter	1 227 067	100,0 %	1 231 243	100,0 %	1 156 431	100 %	4 899 560	4 899 560	0
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	193 294	15,8 %	192 770	15,7 %	185 447	16,0 %	669 970	669 970	0
Løns- og personalkostnader	883 162	72,0 %	883 102	71,7 %	853 739	73,8 %	3 589 550	3 589 550	0
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	187 902	15,3 %	193 406	15,7 %	211 537	18,3 %	727 041	727 041	0
Sum driftsutgifter	1 264 358	103,0 %	1 269 278	103,1 %	1 250 723	108,2 %	4 986 561	4 986 561	0
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-37 291	-3,0 %	-38 035	-3,1 %	-94 293	-8,2 %	-87 001	-87 001	0
Netto finans	-2 660		-2 250		367		-9 002	-9 002	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-39 951		-40 285		-93 926	0	-96 003	-96 003	0
- Meiravskrivning	49 650		49 650		49 650		219 000	219 000	0
Resultat	-89 601	0	-89 935	0	-143 576	0	-315 003	-315 003	0

Resultatet i Helse Bergen er pr. mars tilnærma i balanse med budsjett. På inntektssida er det eit negativt avvik på kr 4,2 mill. Avviket er samansett av negativt avvik på kr 12,1 mill på ISF inntektene (3,1 %). Kr 5,8 mill av dette skuldast manglande kodeforbetring og det resterande skuldast lågare aktivitet enn planlagt. Det er eit positivt avvik på rammetilskot og andre inntekter på hhv. kr 6 mill og kr 3,2 mill. Avviket på rammetilskot skuldast i hovudsak ikkje-budsjetterte forskingsmidlar, tilskot til utanlandsbehandling samt tilskot til eininga for internasjonalt samarbeid. Dette gir eit tilsvarende negativt avvik på kostnadssida.

På kostnadssida er det eit positivt avvik på kr 4,9 mill. Varekostnader ligg kr 0,5 mill over det som er budsjettert medan lønskostnadene er omtrent identisk med budsjett budsjettert. Andre driftskostnader har eit netto positivt avvik mot budsjett på kr 5,5 mill.

I Helse Bergen si prognose er det føresett innsparingar på kr 37 mill på ulike tiltak som enno ikkje er identifisert og fordelt ut i verksemda. Innsparinga ligg med verknad frå mai, og gjeld tiltak i samband med effektivisering av ulike administrative prosessar, som bl.a. scanning, tategjenkjenning, elektronisk tilvising i tillegg til bemanningsplanlegging og effektivisering av sjuketransport. I prognosen har Helse Bergen føresett at manglande kodeforbetring vert kompensert i revidert nasjonalbudsjett.

REKNESKAPSDATA

	Akkumulerte tal pr. mars		%vis endring fra 2004 til 2005
	2005	2004	
	Rekneskap	Rekneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	104 634	106 555	-1,8 %
ISF	377 889	238 558	58,4 %
Rammetilskot	691 510	755 062	-8,4 %
Andre inntekter	53 034	56 256	-5,7 %
Sum driftsinntekter	1 227 067	1 156 431	6,1 %
Varekostnader	193 294	185 447	4,2 %
Løns- og personalkostnader	883 162	853 739	3,4 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	187 902	211 537	-11,2 %
Sum driftsutgifter	1 264 358	1 250 723	1,1 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	-37 291	-94 293	-60,5 %
Netto finans	-2 660	367	
Ekstraordinære postar	0	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	-39 951	-93 926	-57,5 %
- korreksjon avskrivningar	49 650	49 650	
Resultat	-89 601	-143 576	-37,6 %

Resultatet pr. mars i 2005 er forbetra med kr 54 mill samanlikna med året før. Inntektsveksten samanlikna med same periode i fjor er på 6,1% medan kostnadene kun har auka med 1,1 %. Pga ISF omlegginga frå 40 % til 60 % er det mest relevant å samanlikna summen av ISF og rammetilskot frå det eine året til det andre. Auken her er på 7,6 %. Årsaka til dette er m.a. auka midlar til sjuketransport, utanlandsbehandling, opptrappingsmidlar psykiatri og auka tilskot til forsking. Samtidig vart tilskotet som vart tildelt gjennom revidert nasjonalbudsjett i fjor inntektsført mot slutten av året medan tilsvarende beløp i år er inntektsført frå og med januar.

På kostnadssida er det ei endring i varekostnader på kr 7,8 mill dvs. 4,2 %. Dette gjeld i hovudsak auke i kostnader til driftsavtaler på sjuketransport, ambulanse og kostnader til utanlandsbehandling som frå hausten 2004 vert bokført i Helse Bergen sin rekneskap. Løns- og personalkostnader aukar med 3,4 %. Årsaka er auka lønskostnader, men delar av dette skuldast ekstraavgifter rundt påsken som i år var i mars. Det er ein reduksjon i andre driftskostnader på 11,2 %. Ca. kr 8 mill skuldast ulikt innkjøpstidspunkt på MTU/IKT utstyr. Dette vil jamna seg ut over året. I underkant av kr 10 mill skuldast lågare forbruk av konsulenttenester samt ei opprydding på sjølve kontoen for konsulenttenester. Ein del av det som tidlegare vart bokført her er flytta til kjøp av andre helsetenester.

	Hittil i år			Året totalt		
	Regnskap	Plan	Avvik	Prognose	Plan	Avvik
Somatikk						
Sykehusopphold	25 639	25 851	-212	101 285	101 991	-706
Dagkirurgi/dagbeh.	9 604	9 380	224	38 202	37 310	892
DRG-poeng	20 721	21 400	-679	84 122	84 122	0
Pol. konsultasjoner	73 075	73 450	-375	292 300	284 489	7 811
Psykiatri						
Antall oppholdsdøgn	33 131	29 985	3 146	125 159	121 959	3 200
Oppholdsdager, dagpasienter	3 201	3 184	17	12 411	12 401	10
Pol. konsultasjoner	17 683	20 803	-3 120	80 952	83 201	-2 249

Ved utgangen av mars hadde Helse Bergen produsert 359 DRG poeng færre enn budsjettert, og 260 færre enn på same tid i fjor. Det er då sett vekk frå føresett kodeforbetring på 320 DRG poeng pr. mars. På dette tidspunktet var 2 068 opphald i DRG 470 og ikkje ferdig koda. Helse Bergen reknar med ein positiv effekt på DRG indeksen når opphalda er ferdig koda til 1. tertial.

Ved utgangen av mars er det 12,3 % fleire liggjedøgn enn budsjettert i vaksenpsykiatrien. Liggjedøgn for barn og ungdom er 12,3 % under budsjettert. Dette skuldast redusert belegg ved familieposten og svært ressurskrevjande pasientar ved ein av postane som har gjort at plasser har stått ledige. Talet på polikliniske tiltak for vaksne er pr. mars 28,5 % lågare enn planlagt og for barn 10 % lågare enn planlagt. Sjølv om noko av avviket kan skuldast vakansar, er hovudforklaringa at ein i vaksenpsykiatrien så langt ikkje har fått til den sterke produktivitetsveksten som det er lagt opp til i budsjetttet.

2.4 Helse Førde HF

Samandragrapport pr.: MARS 2005

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	22 882	6,8 %	22 693	6,5 %	25 065	7,7 %	90 627	90 627	0
ISF	102 769	30,3 %	107 144	30,8 %	64 165	19,8 %	419 091	419 091	0
Rammetilskot	202 563	59,8 %	204 502	58,8 %	224 444	69,1 %	809 332	809 332	0
Andre inntekter	10 675	3,1 %	13 746	3,9 %	11 077	3,4 %	54 907	54 907	0
Sum driftsinntekter	338 889	100,0 %	348 086	100,0 %	324 752	100,0 %	1 373 958	1 373 958	0
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Regnskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	54 513	16,1 %	55 960	16,1 %	64 050	19,7 %	218 303	215 303	3 000
Løns- og personalkostnader	236 186	69,7 %	232 743	66,9 %	228 366	70,3 %	900 693	897 693	3 000
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	64 397	19,0 %	67 845	19,5 %	50 528	15,6 %	279 002	275 544	3 458
Sum driftsutgifter	355 096	104,8 %	356 548	102,4 %	342 944	105,6 %	1 397 999	1 388 541	9 458
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-16 206	-4,8 %	-8 462	-2,4 %	-18 192	-5,6 %	-24 041	-14 583	-9 458
Netto finans	-287		-624		-579		-2 500	-2 500	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-16 493		-9 086		-18 772	0	-26 541	-17 083	-9 458
- Meiravskrivning	12 250		12 250		12 250		49 000	49 000	0
Resultat	-28 743	0	-21 336	0	-31 022	0	-75 541	-66 083	-9 458

Helse Førde har pr. mars månad eit negativt resultatavvik samanlikna med budsjett på kr 7,4 mill. Dette skuldast hovudsakeleg at inntektene er lågare enn budsjettert. Det negative avviket på inntektssida er pr. mars på kr 9,2 mill. Den vesentlegaste delen av avviket skuldast svikt i ISF-inntektene med kr 4,4 mill dvs. 4,1 %. Heile avviket kan førast tilbake til lågare produksjon innan kirurgisk klinikk enn planlagt og då særskilt innan ortopedi. Det er i føresetnadene for drifta av ortopediklinikken føresett tilførsel av pasientar frå Helse Vest utan at dette har slått til. I tillegg til avvik på ISF inntektene er det eit negativt avvik på andre inntekter på kr 3,1 mill. Årsaka til dette skal utgreiast nærare.

Driftskostnadene er pr. mars kr 1,5 mill lågare enn budsjettert. Det er registrert kr 1,4 mill lågare varekostnader enn føresett i budsjettert. Noko av dette heng saman med at produksjonen er lågare enn føresett. Det er leigd inn medisinsk personell for 0,8 mill meir enn budsjettert. Løns- og personalkostnadene er kr 3,4 mill (1,5 %) høgare enn budsjettert.

Leiinga i Helse Førde vil endå ikkje konkludere med at avviket vi ser hittil på DRG produksjonen har endeleg årsverknad. Men svikten i produksjonen kan ha årsverknad dersom ortopediklinikken ikkje får avklara den planlagde tilførselen av Helse Vest pasientar. I tillegg kan det ligge ein usikkerheit med tanke på den faktiske effekten av gule¹ og grøne² tiltak. Tiltaka bør likevel få virke meir enn eit par månader før endeleg konklusjon kan trekkast om årseffekt. Helse Førde vil kome tilbake til dette ved tertialrapporteringa.

Avviket i Helse Førde byggjer på føresetnad om høgare kostnader enn føresett innan sjuketransport. I tillegg er ein forsinka med iverksetting av enkelte tiltak slik at desse ikkje får den heilårseffekten på lønskostnadene som føresett. Situasjonen gjer det også naudsynt med bruk av "vikarstafettar" og dette gjev avvik i årsprognosen på innleie.

%-vis endring frå 2004 til 2005

MAR 2005

REGNSKAPSDATA

	Akkumulerte tal pr. mars		%vis endring fra 2004 til 2005
	2005	2004	
	Rekneskap	Rekneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	22 882	25 065	-8,7 %
ISF	102 769	64 165	60,2 %
Rammetilskot	202 563	224 444	-9,7 %
Andre inntekter	10 675	11 077	-3,6 %
Sum driftsinntekter	338 889	324 752	4,4 %
	Rekneskap	Regnskap	
Varekostnader	54 513	64 050	-14,9 %
Løns- og personalkostnader	236 186	228 366	3,4 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	64 397	50 528	27,4 %
Sum driftsutgifter	355 096	342 944	3,5 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	-16 206	-18 192	-10,9 %
Netto finans	-287	-579	-50,5 %
Ekstraordinære postar	0	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	-16 493	-18 772	-12,1 %
- korreksjon avskrivningar	12 250	12 250	
Resultat	-28 743	-31 022	-7,3 %

Resultatet i Helse Førde pr. mars er kr 2,3 mill betre enn i fjor. Inntektene er 4,4 % høgare enn same tid i fjor medan kostnadene har auka med 3,5 %. På inntektssida er endringa i finansieringa av sjuketransport noko av årsaka til auken. I 2004 hadde helseføretaka ansvar for 50 % av finansieringa av sjuketransport, medan RTV dekte resterande 50 %. Frå 2005 er helseføretaka sin del auka til 75 % medan RTV dekker dei resterande 25 %.

¹ Gule tiltak: Tiltak som kjem av strukturendringar og som krev omfattande struktur-/organisasjonsendringar.

² Grøne tiltak: Tiltak som kan gjennomførast utan strukturelle eller organisatoriske endringar, t.d. pleiesamarbeid i helgane, ENØK tiltak.

Hovudårsaka til endringa på varekostnader og andre driftskostnader er endringa i konteringspraksis av sjukehusoppbald der kostnaden nå blir ført som andre driftskostnader medan det i fjor låg på varekostnader. På løns- og personalkostnader er endringa samansett av fleire forhold. Helse Førde starta opp ungdomspsykiatrisk avdeling i august i fjor. Pr. mars i år utgjer lønskostnader på denne avdelinga kr 3,3 mill. Det resterande utgjer lønsauke frå 2004 til 2005. Som frådrag i dette ligg tiltak som er sett i verk frå 1.1.2005.

PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap -05	Hittil Plan -05	Avvik	2004	Prognose	Heile året Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusoppbald	5 038	5 182	-144	5 346	20 409	20 409	0
Dagkirurgi/dagbeh.	1 950	1 575	375	1 645	7 028	7 028	0
DRG-poeng	5 515	5 750	-235	5 586	22 500	22 500	0
Pol. konsultasjonar	25 295	24 871	424	8 215	94 829	94 829	0
Psykiatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	8 781	7 491	1 290	8 153	29 640	29 640	0
Opphaldsdagar, dagpasientar	4 122	4 000	122	4 099	1 080	1 080	0
Pol. konsultasjonar	7 513	6 600	913	6 588	24 400	24 400	0

Etter tre månader ligg Helse Førde 235 poeng bak målalet innan DRG-produksjon. Talet på sjukehusoppbald ligg 144 bak målalet og er med på å forklare kvifor ein ligg etter på DRG-produksjonen. Poliklinisk aktivitet ligg godt an samanlikna med målalet, men bak fjorårstalet. Dette skuldast at påsken i år fall i mars månad medan den i fjor var i april.

Produksjonen innan psykiatri ligg og godt føre måltala både innan opphaldsdøgn, opphaldsdagar og polikliniske konsultasjonar.

2.5 Apoteka Vest HF

Samandragrapport pr.: MARS 2005

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	109 275	100 %	110 163	100 %	68 417		435 677	437 677	-2 000
Varekostnader	87 896	80,4 %	86 747	78,7 %	54 348	79,4 %	348 646	344 646	4 000
Løns- og personalkostnader	18 497	16,9 %	19 630	17,8 %	11 747	17,2 %	72 438	72 438	0
Andre driftskostnader	5 395	4,9 %	5 339	4,8 %	2 666	3,9 %	20 843	20 843	0
Sum driftsutgifter	111 788	102,3 %	111 716	101,4 %	68 761	100,5 %	441 927	437 927	4 000
Driftsresultat	-2 513		-1 553		-344		-6 250	-250	-6 000
Netto finans	155		63		65		250	250	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat	-2 358		-1 490		-279		-6 000	0	-6 000

Apoteka Vest har pr. mars eit negativt resultat samanlikna med budsjett på kr 0,9 mill. På inntektssida er det eit negativt avvik på kr 0,9 mill. Varekostnaden er 1,1 mill høgare enn budsjettet. Eit positivt avvik på lønskostnader på kr 1,1 mill er med på å rette opp avviket. Med unntak av apoteket i Førde har alle dei andre apoteka underskot pr. mars. Det er den nye prisingsmodellen som er hovudårsaka til avviket. Prognosen for heile året viser at ein meiner avviket for heile året vil bli på minus kr 6 mill. Prognosen er ei rein ekstrapolering av mars-resultatet. Avtalen med helseføretaka opnar for reforhandling i forhold til prisingsmodellen etter 1. tertial. Det er avtala forhandlingsmøte 23. januar. Målet for Apoteka Vest er at det kan gjerast endringar i prisingsmodellen som kan rette opp avviket.

2.6 Kjøp av helsetenester

Samandragsrapport pr.: **MARS 2005**

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbetaling)	153 102	5,0 %	0	0,0 %	0	0	0
ISF	999 298	32,9 %	968 481	33,7 %	3 875 474	3 875 474	0
Rammetilskot	1 888 906	62,1 %	1 901 801	66,2 %	7 610 248	7 610 248	0
Andre inntekter	0	0,0 %	903	0,0 %	3 613	3 613	0
Sum driftsinntekter	3 041 306	100,0 %	2 871 185	100,0 %	11 489 335	11 489 335	0
Varekostnader	2 970 537	97,7 %	2 792 642	97,3 %	11 175 038	11 175 038	0
Løns- og personalkostnader	136	0,0 %	69	0,0 %	278	278	0
Andre driftskostnader	56 972	1,9 %	62 201	2,2 %	153 903	153 903	0
Sum driftsutgifter	3 027 645	99,6 %	2 854 912	99,4 %	11 329 219	11 329 219	0
Driftsresultat	13 661		16 273		160 116	160 116	0
Netto finans	0		0		0	0	0
Ekstraordinære postar	0		0		0	0	0
Resultat	13 661		16 273		160 116	160 116	0

Innan kjøp av helsetenester er det eit negativt avvik pr. mars på kr 2,6 mill. I det vedtekne budsjettet for Helse Vest er det lagt til grunn eit omrekningspunkt i høve til omlegginga frå 40 % til 60 % ISF som gir kr 104 mill høgare inntekt enn det staten har lagt til grunn. For å dekke opp for dei manglande inntektene er reserven løyst opp tilsvarande slik at dette ikkje gir resultateffekt. På den andre sida betyr dette at den reserven ein har for å dekke opp for usikkerheit i budsjettet no er kraftig redusert. Avviket på kr 2,6 mill består av mindre plussar og minusar som hovudsakeleg skuldast periodiseringar.

2.7 Helse Vest administrasjon

Samandragsrapport pr.: **MARS 2005**


REGNSKAPSDATA

	Hittil i år			Heile året		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	0	0	0	0	0	0
Varekostnader	115	0	115	0	0	0
Løns- og personalkostnader	5 241	7 055	-1 814	26 037	26 037	0
Andre driftskostnader	4 951	9 848	-4 897	39 079	39 079	0
Sum driftsutgifter	10 307	16 903	-6 596	65 116	65 116	0
Driftsresultat	-10 307	-16 903	6 596	-65 116	-65 116	0
Netto finans	511	0	511	0	0	0
Ekstraordinære postar	0	0	0	0	0	0
Resultat	-9 796	-16 903	7 107	-65 116	-65 116	0

Helse Vest administrasjon har eit positivt resultatavvik på kr 7 mill etter mars. Avviket skuldast primært at kjøp av konsulenttenester er periodisert med 1/12 medan prosjekt der ein skal gjere bruk av eksterne tenester ikkje har kome i gang frå 1.1. Hovudårsaka til avvik på lønskostnader er midlar til nasjonalt leiarsprogram som enno ikkje har påløpt og ein vakant stilling.

3 LIKVIDITET

Grafen under viser konsolidering av budsjettert overtrekk på konsernkonto samla for føretaksgruppa. I tillegg er det faktiske overtrekket i perioden januar til mars vist. Som følge av resultatutviklinga samt føresetnad om at ein også i år vil måtte betala reguleringspremie til KLP på vel kr 400 mill, vil ein måtta nytta tilnærma heile driftskredittramma ved utgangen av året.




Helse Vest har fått avslag frå Helse- og omsorgsdepartementet på søknaden om å få utvida kredittramma til 1,4 mrd. I staden seier HOD at dei vil følgje utviklinga i kredittbehovet tett, og at ein søknad om utvida kredittramme kan verta behandla raskt når det viser seg at behovet er der.

4 UTVIKLING I MÅNADSVERK OG SJUKEFRÅVÆR

4.1 Sjukefråvær


Grafen under viser utviklinga i sjukefråværet




Det vart heile fjoråret arbeidd målretta med å redusere sjukefråværet. Utviklinga frå januar 2004 fram til mars 2005 viser at dette arbeidet har gitt resultat. Dersom vi samanliknar mars 2004 med mars 2005 ser vi at helseføretaka har hatt følgjande prosentvise reduksjon i sjukefråværet: Helse Stavanger 8,8 %, Helse Fonna 17,1 %, Helse Bergen 24,4 % og Helse Førde 18,6 %. For at sjukefråværet framleis skal vere på eit lågt nivå er det nødvendig med systematisk jobbing og i 2005.

Sjukefråværstala til Helse Førde varierer relativt mykje samanlikna med dei andre HF'a. Forklaringa frå Helse Førde er det kan vere uheldige utslag frå ein måned til ein annan pga. at fråværet blir registrert når sjukemeldingsblanketten når personalkontoret og at ein ikkje har ein definert dato for når ein måned skal vere ferdigregistrert. Dersom ein ser gjennomsnittleg sjukefråvær for heile 2004 skal dette vere korrekt. For 2005 vil det vere meir korrekt å sjå på gjennomsnittet for dei tre første månadene enn ein og ein måned.

4.2 Månadsverk



Utviklinga i Helse Bergen hittil i 2005 viser eit relativt stabilt tal på månadsverk. Dersom vi samanliknar med januar 2004 ser vi at det har vore ein reduksjon på 192 månadsverk. I Helse Stavanger er det ein reduksjon på 161 månadsverk sett i høve til februar. Helse Stavanger har tidlegare forklart svingingar i tala med etterslep i innlevering av timelister og at talet på timar difor blir ujamnt fordelt på dei enkelte månadene. Dette kan det vere grunn til å kikke nærare på.



Samanlikna med februar har Helse Fonna ein auke i talet på månadsverk med 50. Dersom vi samanliknar med januar er talet tilnærma uendra. Helse Førde hadde òg ein liten reduksjon i talet på månadsverk frå januar til februar medan talet i mars igjen er oppe på same nivå som januar.

5 BALANSE

Balansen pr. 31/3-2005 er førebels då balansen ved inngangen til 2005 ikkje er endeleg fastsett.

Det er heller ikkje gjort nokon uttrekk i HF'a sine balansar som følgje av at IKT utstyr skal overførast til Helse Vest IKT AS. Balansen og kontantstraumanalysen må difor sjåast på som ei førebels orientering.

Resultatregnskap pr. 31/03-2005

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apotekene	Helse Vest	Vestlands- mat AS	Eliminering	Total
Sum driftsinntekter	716 608	402 800	1 227 067	338 889	109 275	3 041 306		-2 509 211	3 326 734
Varekostnad	83 851	40 625	193 294	54 513	87 097	2 970 652		-2 509 211	920 821
lønn- og andre personalkostnader	536 513	303 156	883 162	236 186	18 097	5 376			1 982 490
Av- og nedskrivninger	48 236	38 500	106 806	29 446	511				223 499
Annen driftskostnad	94 200	47 956	128 745	47 199	6 083	61 924			386 107
Sum driftskostnader	762 800	430 237	1 312 007	367 344	111 788	3 037 952	0	-2 509 211	3 512 917
Driftsresultat	-46 192	-27 437	-84 940	-28 455	-2 513	3 354	0	0	-186 183
Netto finansposter	-961	-141	-4 661	-288	155	511			-5 385
Resultat	-47 153	-27 578	-89 601	-28 743	-2 358	3 865	0	0	-191 568
Meiravskrivningar	21 250	18 500	49 650	12 250					101 650
Resultat justert for meiravskrivningar	-25 903	-9 078	-39 951	-16 493	-2 358	3 865	0	0	-89 918

Balanse pr. 31/03-2005

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	Helse Vest	Vestlands- mat AS	Eliminering	Total
Immatrielle eigedelar	2 040	11 509		1 223		6 323	193		21 288
Varige driftsmiddel	2 540 404	2 040 194	5 563 543	1 590 111	8 847	2 543	152		11 745 794
Finansielle anleggsmiddel	106 490	35 362	127 006	42 634	40	10 368 636		-10 322 638	357 530
Sum anleggsmiddel	2 648 934	2 087 065	5 690 549	1 633 968	8 887	10 377 502	345	-10 322 638	12 124 612
Varer	18 905	26 145	17 400	10 556	23 835				96 841
Fordringar	160 217	46 034	269 652	55 462	42 919	150 085	860	-443 843	281 386
Bankinnskott, kontantar og liknande	-125 740	2 882	-379 077	-41 620	7 671	33 480	7 245		-495 159
Sum omløpsmiddel	53 382	75 061	-92 025	24 398	74 425	183 565	8 105	-443 843	-116 932
Sum eigedelar	2 702 316	2 162 126	5 598 524	1 658 366	83 312	10 561 067	8 450	-10 766 481	12 007 680
Eigenkapital	2 070 488	1 785 191	4 436 443	1 358 184	18 850	9 360 933	7 893	-9 664 383	9 373 599
Opptent eigenkapital (resultat for året)	-47 153	-27 578	-89 601	-28 743	-2 358	3 865			-191 568
Langsiktig gjeld	184 926	111 502	376 387	86 189	7 714	602 657		-636 179	733 196
Kortsiktig gjeld	494 055	293 011	875 295	242 736	59 106	593 612	557	-465 919	2 092 453
Sum eigenkapital og gjeld	2 702 316	2 162 126	5 598 524	1 658 366	83 312	10 561 067	8 450	-10 766 481	12 007 680

Med basis i førebels balanse pr. 31/12-04 balanse pr. 31/3-05 er det i tabellen under vist ein kontantstraumanalyse.

Kontantstraumanalyse

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	Helse Vest	Vestlands- mat AS	Eliminering	Total
Resultat for året	-47 153	-27 578	-89 601	-28 743	-2 358	3 865			-191 568
Ordinære avskrivningar	48 236	38 500	106 806	29 446	511	0			223 499
Endring i arbeidskapital	-48 491	-37 428	-151 724	-32 719	-2 615	22 042			-250 935
Netto kontantstrøm frå operasjonell aktivitet	-47 408	-26 506	-134 519	-32 016	-4 462	25 907	0	0	-219 004
Netto kontantstraum finansielle anleggsmiddel	8 264	0	28	0	0	0			8 292
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet	-21 408	-21 983	-6 710	-12 854	-963	484			-63 434
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitet	-32 269	-17 400	-37 096	-34 553	-202	2 950			-118 570
Netto endring i kontantar og kontantekivalente	-92 821	-65 889	-178 297	-79 423	-5 627	29 341	0	0	-392 716
Kontantar og bankinnskott 01.01.2005	-32 919	68 771	-200 780	37 797	13 298	4 140	7 161		-102 532
Kontantar og bankinnskott 31.03.2005	-125 740	2 882	-379 077	-41 626	7 671	33 481	7 161	0	-495 248

Forslag til vedtak

1. Styret tar økonomirapport pr. 31. mars -05 til orientering.
2. Styret ber om at dei helseføretaka som rapporterer avvik i forhold til prognosen rapporterer kva tiltak som vert sett i verk for å oppnå resultatkrava.
3. Styret ber om at dei helseføretaka som har viser lågare produksjon enn planen eller som har resultatavvik pr. mars som følge av andre forhold gjennomgår situasjonen og kjem opp med tiltak for å sikre budsjettbalanse.

II. Økonomi

Resultat

Månad: AKKUMULERT MARS 2005

	Helse stavanger HF		Helse Fonna HF		Helse Bergen HF		Helse Førde HF		Apotekene Vest HF		Helse Vest RHF	
	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett
Poliklinikk (inkl. eigenbetaling)	63302	-3624	27599	-2336	104634	-1196	22882	189	0	0	153102	153102
ISF (DRG-inntekter)	248221	-9614	129932	-6386	376666	-12348	101071	-6073	0	0	971895	30089
Gjestepasientar	8	-5	64	64	1223	248	1699	1699	0	0	27403	728
Rammetilskot	385380	2868	232904	-28	691510	5955	202563	-1939	0	0	1888906	-12895
Andre inntekter	19698	-1011	12301	220	53034	3165	10675	-3071	109275	-888	0	-903
SUM DRIFTSINTEKTER	716609	-11386	402800	-8466	1227067	-4176	338889	-9197	109275	-888	3041306	170121
Varekostnad	83851	1012	40625	687	193294	524	54513	-1447	87896	1149	2970537	177895
Personalkostnad	535972	5088	293204	690	873227	1205	232689	4025	18097	-975	136	67
Andre driftskostnader	142978	-118	96408	-1298	247487	-6649	80144	-4030	5795	-102	56972	-5229
SUM KOSTNADER	762801	5982	430237	79	1314008	-4920	367346	-1452	111788	72	3027645	172733
DRIFTSRESULTAT	-46192	-17368	-27437	-8545	-86941	744	-28456	-7745	-2513	-960	13661	-2612
NETTO FINANSRESULTAT	-961	-61	-141	-41	-2660	-410	-287	337	155	92	0	0
EKSTRAORDINÆRE POSTER	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
RESULTAT	-47153	-17429	-27578	-8586	-89601	334	-28743	-7408	-2358	-868	13661	-2612
Meiravskriving	21250		18500		49650		12250					
RESULTAT	-25903	-17429	-9078	-8586	-39951	334	-16493	-7408	-2358	-868	13661	-2612

*) Eksklusive meiravskrivingar knytt til opningsbalansen og kortare avskrivingstid